Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: lynging og mosing

Oppskr. av: E. Stranden

(adresse): Mittet.

Fylke: Møre og R.

Herad: Ev. & Vistdal

Bygdelag: Vistdal

Gard: Stranden

G.nr. 62 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Etter nøye å ha lest igjennom spørsmålene finner eg at nokkon av desse måtane å sanke nødfor på hev ikkje beintfram varet brüka her ialfall etter 1850.

Formose finnes ikkje nemneverdig her i fjellene. Men lyng er det nokk av. Og det er truleg at i rikleg gamle dagar 1500 - 1850 då der omtrent på kvar gard fantes geiter, at dei då sanka inn lyng, so geitene kunne få, når det var so mykje snø, at dei ikkje kom seg til skogs - geitene -.

Ein annan sak er at på småmark her på garden veks lyng som vert slege saman med graset - tørka ilag med dette og vert brüka til sauemat. Men slikt lyngblanda for vert halde for eit ringt for.

1870

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING